



Statens vegvesen  
Postboks 8142 Dep  
0033 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/1715 - 17/8308

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

26.04.2017

## GBNR 45/130 - Orientering om klagebehandling

Administrasjonen viser til rettidig klage frå Statens vegvesen journalført motteke 03.04.2017. Klagen gjeld dispensasjonsvedtak gjort av Utval for drift og utvikling (UDU) om fritak frå plankrav for oppføring av bustad på gbnr 45/130. Klagen gjeld eit av vilkåra for dispensasjonen som hadde følgjande ordlyd:

«Avkøyring til Fylkesveg 564 vert fysisk avsteng slik Statens Vegvesen krev og avkøyring mot Skintveitvegen vert nytta [adm. understreking]».

Tiltakshavar, v/Sveinung Seim, har hatt klagen til orientering og uttale. Ved epost journalført motteke 17.04.2017 har tiltakshavar bedt om tid til klargjering av innhaldet i vilkåret SVV gjennom klagen har bedt kommunen om å stille. Tiltakshavar vil gjere dette gjennom direkte dialog med SVV. Administrasjonen har ikkje innvendingar mot dette.

Dersom det er grunnlag for det etter klargjering av vilkåret i dialog med SVV, vil administrasjonen kunne vurdere å ta inn vilkår i samsvar med SVV sine krav i eit rammeløyve med presise vilkår for IG knytt til bustadoppføring. Ordlyden i UDU sitt dispensasjonsvedtak er ikkje til hinder for dette. SVV vil ha klagerett på eit slikt rammeløyve dersom ein skulle meine at vilkåra som blir stilt i rammeløvet ikkje er i samsvar med dispensasjonen eller forsvarlig utbygging av eigedomen.

Kommunen gjer merksam på at utvida bruk av avkjørsla mot Skintveitvegen òg vil innebere trong for løyve til utvida bruk frå SVV som ein absolutt føresetnad for byggeløyve, jf pbl § 27-4, 1. ledd, siste punktum. Dette fordi Skintveitvegen på den aktuelle staden er ein del av fylkesvegen etter matrikkelen. Dette bør avklarast saman med innhaldet i vilkåret.

Klagar skal etter plan- og bygningslova behandlast av kommunen innan 8 ukar, jf SAK10 § 7-1 bokstav (c). Administrasjonen opplyser at siste UDU-møte før sommarferien er 06.06.2017 med skrivefrist for administrasjonen 26.05.2017. Tid for supplering og klargjering av saka kjem i tillegg til fristen på 8 veker, jf SAK10 § 7-2, 1. ledd.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Dersom det er spørsmål i saka eller partane har merknader til opplysningane gitt ovanfor kan Juridisk rådgjevar Tore Johan Erstad kontaktast på telefon 56 17 11 69.

Med helsing

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Dispensasjon frå plankrav gbnr 45/130 - uttale til klage frå Statens vegvesen